

**Reiar Haugland til rors**

22.04.2013

**Olav Haugland frå Uskedalen og Ølve er 72 år og reiar men står framleis til rors på flåten sin. BT hadde søndag ein flott fotoreportasje over 3 sider laga av Vegar Valde. Konklusjonen var at livet på byfjorden ikkje er som før, men Olav er ein av dei få som held ut. Han likar heller ikkje å ha fri sjølv om sonen Kjell Olav har teke over familieverksemda med 6 tankskip langs heile kysten og tilsaman 90 tilsette. Reiarlaget er leiande på småtankskip.**

Men kven er så Olav Haugland?

Faren Trygve Haugland var sonen til Jacobine og Jens Haugland og Trygve starta saman med Olav Bergen Tankers. Mora var Helga Haugland født Feet og syster til Klara Døssland som bur ved Heio. Dei dreiv handel i Ølve før dei flytta attende til Uskedalen og starta Kafe Anker. Trygve var kystskippar med farty i fraktefart på kysten.

BT-reportasjen handlar mellom anna om kontrakta Olav har hatt med hurtigruta om bunkring kvar dag året rundt sidan 1965. Den gongen kunne det vera 10 andre leveringar på hamna mellom anna til Englandsbåtane. Drivstoffmengda har auka men aktiviteten har stilna. Tankskipa til Haugland varierar frå 300 til 4 400 dwt.

På biletet over er reieren i aktivitet saman med matros Magnus Fjeld.

Av Ola Matti Mathisen